



RETNINGSLINER FOR FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND



2026

FOS

www.fos.sunnh.no

Innhold

1.0 ORGANISASJON:	2
1.1 Bakgrunn og historikk	2
1.2 Føremål	3
1.3 Strategiar	3
2.0 FOS SINE GRUPPER OG NETTVERK	3
2.1 Styringsgruppa	3
2.2 Grunnskulegruppa	4
2.3 Barnehagegruppa	4
2.4 Nettverk for PPT	5
2.5 Nettverk for kulturskule	5
2.6 Nettverk for voksenopplæring	5
2.7 Nettverk for barn og familie	6
2.8 Regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling	6
2.9 Møtefrekvens og innhald	7
3.0 KOORDINATOR	7
4.0 ÅRSMELDING OG HANDLINGSPLAN	8
5.0 ØKONOMI	8
6.0 UTMELDING OG OPPLØYSING	8
7.0 SAMARBEIDSFORA	9
7.1 Statsforvaltaren i Vestland (Barnehage og opplæring)	9
7.2 KS:	9
7.3 NLA høgskolen:	9
7.4 Høgskulen på Vestlandet (HVL):	9
7.5 Vestland fylkeskommune:	9
7.6 Syns- og audiopedagogisk teneste Hordaland (SAPT):	9
7.7 Statped:	10
7.8 Helse Fonna:	10
7.9 Fagforeiningar:	10
8.0 ORGANISASJONSKART FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND	10

1.0 ORGANISASJON:

Følgjande kommunar er medlem i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS):

- Bømlo
- Etne
- Fitjar
- Kvinnherad
- Stord
- Sveio

Samarbeidet i FOS er organisert som ein prosjektorganisasjon med ei overordna styringsgruppe med underordna arbeidsgrupper og nettverk.

1.1 Bakgrunn og historikk

Forum for oppvekst i Sunnhordland har eksistert sidan tidleg på 1990-talet, med ulike namn, målgrupper og ulik grad av organisering. På slutten av 1980-talet tok skuledirektøren i Hordaland initiativ til å dela fylket inn i kursregionar. Målet var å tilby opplæring for skulesjefar og skuleleiarar. Dette gjorde samarbeidet meir formalisert.

Kursinga bygde på statlege leiarprogram som LUIS og LIS, og kan på mange måtar samanliknast med rektorskulen i dag. Frå starten har samarbeidet med Stord lærarskule – seinare Høgskulen Stord/Haugesund og no Høgskulen på Vestlandet – vore sentralt i kompetansehevinga.

Namnet på kursregionen var først Sunnhordland kursregion. Styreleiar- og sekretærrolla gjekk på omgang mellom kommunane. Etter kvart utvida kursregionen oppgåvene, grunna nye læreplanreformer og eit aukande behov for kompetanseheving.

Det vart arrangert felles kursdagar, og lærarane reiste rundt i Sunnhordland på etterutdanningskurs og nettverkssamlingar. Aktivitetane fekk støtte frå skuledirektøren, og det same gjaldt kursregionen.

På slutten av 1990-talet skifta kursregionen namn til Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS), og målgruppa vart utvida til å omfatta barnehagesektoren. I dag fungerer FOS som kompetanseregion for heile oppvekstområdet i Sunnhordland, og har tilsett koordinator med sekretariat i Stord kommune.

Postadresse:
Postboks 304
5402 Stord

Org.nr.: 939866914

Koordinator: Johanne Engevik
Johanne.engevik@stord.kommune.no
Tlf.: 91809723

1.2 Føremål

Det overordna føremålet i FOS er å samarbeida om oppgåver som blir løyste betre på regionalt nivå enn på lokalt nivå. Samarbeidet skal bidra til å styrka kommunen sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren.

1.3 Strategiar

Strategien byggjer på Samarbeidsavtalen til FOS-kommunane, og legg føringar for korleis ein arbeidar med kvalitetsutvikling, kompetanseordningar, partnerskap og nettverksbygging i kompetanseregionen:

- Tydeleg leiarskap som tek opp dagsaktuelle og framtidsretta tema.
- Bruk av praksisnær og forskingsbasert kunnskap gjennom alt utviklingsarbeid.
- Tett kontakt med UH-sektoren og våre samarbeidspartnarar.
- Aktivitetar og tiltak i alle grupper og nettverk er godt forankra i medlemskommunane sine behov.
- Årleg evaluering av utvalde satsingsområde, handlingsplanar og partnerskap.

2.0 FOS SINE GRUPPER OG NETTVERK

2.1 Styringsgruppa

Samansetjing: Kommunalsjef eller etatsleiar frå oppvekstområdet i kvar av medlemskommunane. Styringsgruppa sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver: Styringsgruppa har ansvar for at føremålet vert ivareteke i all verksemd i FOS. Dette omfattar òg det økonomiske ansvaret. Styringsgruppa kan opprette undergrupper ved behov. Alle nye ad hoc-grupper eller nettverk skal godkjennast av Styringsgruppa.

Organisering: Leiar- og nestleiarfunksjonen i Styringsgruppa skal rullerast med 1 års funksjonstid, og skiftar slik mellom kommunane: Kvinnherad – Bømlo – Stord – Sveio – Etne – Fitjar.

Styringsgruppa fordeler representantar i leiar- og samarbeidsforum, eller andre nettverk etter behov.

Postadresse:
Postboks 304
5402 Stord

Org.nr.: 939866914

Koordinator: Johanne Engevik
Johanne.engevik@stord.kommune.no
Tlf.: 91809723

2.2 Grunnskulegruppa

Samansetjing: Skulefagleg rådgjevar frå kvar medlemskommune. Grunnskulegruppa sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver:

- Kartleggja behov for kurs, etterutdanning og vidareutdanning innan grunnskulefeltet, i samarbeid med lokal UH-sektor.
- Planleggja og gjennomføra kvalitetsutviklingstiltak etter avtale med Styringsgruppa, samt koma med innspel til nye tiltak.
- Vera eit forum for drøfting av aktuelle problemstillingar av interkommunal interesse.
- Støtta koordinator i arbeidet med gjennomføring av munnleg eksamen, samt oppretta eiga eksamensgruppe.
- Fordela representantar i arbeidsgrupper og andre nettverk etter behov.

Leiing: Gruppa sørgjer sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

2.3 Barnehagegruppa

Samansetjing: Barnehagemyndede frå kvar medlemskommune. Barnehagegruppa sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver:

- Kartleggja behov for kurs, etterutdanning og vidareutdanning innan barnehagefeltet, i samarbeid med lokal UH-sektor.
- Planleggja og gjennomføra kvalitetsutviklingstiltak etter avtale med Styringsgruppa, samt koma med innspel til nye tiltak.
- Vera eit forum for drøfting av aktuelle problemstillingar av interkommunal interesse.
- Samarbeida om rettleiing, risikovurdering og tilsyn i private og kommunale barnehagar.
- Fordela representantar i arbeidsgrupper og andre nettverk etter behov.

Leiing: Gruppa sørgjer sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

2.4 Nettverk for PPT

Samansetjing: PP-leiar frå kvar av medlemskommunane. PPT-nettverket sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver:

- Kartleggja behov for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor sine område i kommunane.
- Planleggja og gjennomføra kvalitetsutviklingstiltak etter avtale med Styringsgruppa, samt koma med innspel til nye tiltak.
- Fordela representantar i arbeidsgrupper og andre nettverk etter behov.

Leiing: Nettverket sørgjer sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

2.5 Nettverk for kulturskule

Samansetjing: Kulturskulerektor frå kvar av medlemskommunane, samt kulturskulerektor frå Tysnes og Austevoll kommune. Nettverket sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver:

- Kartleggja behov for, ta initiativ til, samt arrangera kurs innanfor kulturskulesektoren.
- Planleggja og gjennomføra kvalitetsutviklingstiltak etter avtale med Styringsgruppa, samt koma med innspel til nye tiltak.
- Fordela representantar i arbeidsgrupper og andre nettverk etter behov.

Leiing: Nettverket sørgjer sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen og står sjølv for møteinnkalling og referat.

2.6 Nettverk for vaksenopplæring

Samansetjing: Rektor på vaksenopplæringa i kommunane Stord, Etne, Bømlo, Sveio og Kvinnherad. Nettverket sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver:

- Samarbeida om fagleg utvikling
- Kartleggja behov for, samt ta initiativ til kompetansehevingstiltak i vaksenopplæringa.

- Planleggja og gjennomføra kvalitetsutviklingstiltak etter avtale med Styringsgruppa, samt koma med innspel til nye tiltak.
- Fordela representantar i arbeidsgrupper og andre nettverk etter behov.

Leiing: Nettverket sørgjer sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen, og står sjølv for møteinnkalling og referat.

2.7 Nettverk for barn og familie

Samansetjing: Einingsleiar for førebyggjande tenester frå kommunane Stord, Sveio, Bømlo og Kvinnherad. Nettverket sine medlemmar har ikkje vara.

Oppgåver:

- Vera eit forum for drøfting av aktuelle problemstillingar av interkommunal interesse.
- Planleggja og gjennomføra ein årleg oppvekstkonferanse for medlemskommunane, i samarbeid med koordinator og Styringsgruppa.

Organisering: Koordinator kallar inn til møte, skriv referat, og fungerer som leiar i nettverksgruppa.

2.8 Regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling

Samansetjing: Skulefagleg rådgjevar i kommunane Stord, Kvinnherad og Bømlo, barnehagemynd i kommunane Etne, Sveio og Fitjar, PPT-leiar i Stord kommune, hovudtillitsvald frå Utdanningsforbundet Stord, samt ein representant frå kvar av UH-partnarskapa til FOS.

Oppgåver:

- Vurdera, samordna og prioritera regionale behovsmeldingar.
- Utarbeida handlingsplanar etter prioriterte emne.
- Leggja til rette for tverrfagleg samarbeid.
- Halda seg oppdaterte på nasjonale kompetanseordningar.

Organisering: Koordinator kallar inn til møte, skriv referat, og fungerer som leiar i regionalt samarbeidsforum.

2.9 Møtefrekvens og innhald

Gruppene utformar eigne årshjul for møte- og arbeidsverksemd. Nettverksgruppene møter etter behov.

Dei faste møta skal haldast etter følgjande struktur:

1. Nytt og godt frå kommunane: Skal ikkje førast i referat.
2. Aktuelle saker.
3. Kvalitetsutvikling i tråd med føremålet til FOS.
4. Fagleg orientering.

Det skal førast referat etter kvart møte. Styringsgruppa tek stilling til prosjekt og arbeidsoppgåver frå dei ulike gruppene og nettverka, og godkjenner eller underkjenner desse. Styringsgruppa tek òg initiativ til nye prosjekt og tiltak.

3.0 KOORDINATOR

FOS har tilsett koordinator som òg fungerer som sekretær for Styringsgruppa.

Ressursstorleiken vert fastsett av Styringsgruppa og er for tida 60 %. Koordinator vert løna etter avtale og held per i dag sekretariat i Stord kommune. Dette kan rullera i dei andre medlemskommunane. For stillinga gjeld elles vanlege kommunale vilkår.

Koordinator sine oppgåver:

- Vera ein synleg og tilgjengeleg kontaktperson for FOS.
- Sikra god informasjonsflyt i og mellom grupper, nettverk og andre samarbeid.
- Delta i møteverksemd i grupper, nettverk og andre samarbeid.
- Følgja opp prosjekt og arbeid som vert initiert i grupper og nettverk i FOS.
- Vera pådrivar for kvalitetsutvikling, samt halda seg fagleg oppdatert innanfor oppvekstfeltet.
- Leia arbeidet med å søkja og rapportera på tilskotsordningar.
- Leia arbeidet med ein årleg leiarkonferanse, i samarbeid med Styringsgruppa.

Postadresse:
Postboks 304
5402 Stord

Org.nr.: 939866914

Koordinator: Johanne Engevik
Johanne.engevik@stord.kommune.no
Tlf.: 91809723

- Leia arbeidet med lokalt gitt munnleg og munnleg-praktisk eksamen i regionen.
- Synleggjera arbeidet i verksemda gjennom sosiale medium, på nettsida og internt i FOS.
- Koordinera kontakt, møteverksemd, tiltak og deltaking i verksemda.
- Utarbeida årsmelding for verksemda kvart barnehage- og skuleår.
- Orientera Styringsgruppa jamleg om rekneskap og budsjett i verksemda.

4.0 ÅRSMELDING OG HANDLINGSPLAN

Koordinator utarbeidar årsmelding for FOS sitt arbeid kvart barnehage- og skuleår, som vert lagt fram for Styringsgruppa. I samband med behandlinga av årsmeldinga drøftar Styringsgruppa strategiar og prioriterte arbeidsoppgåver for komande år. Dette arbeidet skal resultera i ein årleg handlingsplan for FOS. Handlingsplanen vert endeleg vedteken på første møte etter ferien og skal vera retningsgivande for verksemda i FOS gjennom heile året.

5.0 ØKONOMI

Koordinator utarbeidar kvart år budsjett for verksemda i FOS. Dette vert lagt fram for Styringsgruppa saman med rekneskap kvart år i mars. Fordeling av kostnadar ved drifta av FOS vert fakturert 2 gonger per år – i juni og desember. Elevantal i grunnskulen, basert på GSI, dannar grunnlag for fordelinga av utgiftene mellom kommunane. Vertskommunen får refusjon for at dei held kontor/sekretariat - tilsvarande 5% av løn til koordinator. Denne summen vert fakturert saman med dei andre driftskostnadane for FOS til alle medlemskommunane.

6.0 UTMELDING OG OPPLØYSING

Dersom ein kommune i samarbeidet ynskjer å melda seg ut av FOS, må dette meldast skriftleg til Styringsgruppa seinast eitt år på førehand. Utmelding kan berre skje ved årsskifte. Ved endeleg oppløysing, skal eventuelle overskotsmidlar fordelast forholdsmessig mellom dei kommunane som var medlem ved siste årsskifte før oppløysinga.

7.0 SAMARBEIDSFORA

7.1 Statsforvaltaren i Vestland (Barnehage og opplæring)

- Deltaking i samarbeidsforum.
- Forvaltar tilskot til kollektive kompetansehevingstiltak.

7.2 KS:

- Deltaking i arbeidsutvalet.

7.3 NLA høgskolen:

- Årleg gjennomgang og evaluering av intensjonsavtalen.
- Verta samde om, og følgja opp tiltak under kompetanseordningane for tilsette i barnehage og grunnskule.
- Samarbeida om kompetanseutviklingstiltak, rekruttering og utvikling av utdanningstilbod.
- Deltaking i regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling.

7.4 Høgskulen på Vestlandet (HVL):

- Årleg gjennomgang og evaluering av intensjonsavtalen.
- Verta samde om, og følgja opp tiltak under kompetanseordningane for tilsette i barnehage og grunnskule.
- Samarbeida om kompetanseutviklingstiltak, rekruttering og utvikling av utdanningstilbod.
- Deltaking i regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling.

7.5 Vestland fylkeskommune:

- Delta i samarbeid rundt Den kulturelle skulesekken (DKS) og Utdanningsval via Senter for Yrkesrettleiing (SYR).
- Delta i samarbeid rundt kommunedialogen.

7.6 Syns- og audiopedagogisk teneste Hordaland (SAPT):

- Representera FOS i styret.

7.7 Statped:

- Årlege evalueringsmøte om samarbeid og tiltak.


7.8 Helse Fonna:

- Samhandling mellom helseføretak og kommunal oppvekstsektor.

7.9 Fagforeiningar:

- Hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet vert invitert til å delta i regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling.
- Hovudtillitsvalde i Fagforbundet og Utdanningsforbundet vert inviterte i møte og samlingar etter avtale.

8.0 ORGANISASJONSKART FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND



Postadresse:
Postboks 304
5402 Stord

Org.nr.: 939866914

Koordinator: Johanne Engevik
Johanne.engevik@stord.kommune.no
Tlf.: 91809723